


Årsmelding 2024 - Ålesund kontrollutval

Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar monalege ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekkt styring og kontroll.

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Og kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap og operative kontrollorgan. For at kontrollutvalet skal vere ein god reiskap for kommunestyret, må kommunestyret gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår. Og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet bidreg gjennom sine kontrollhandlingar til å identifisere forbettingsområder og styrke den kommunale forvaltninga.



Illustrasjon: Kontrollutvalsboka

Om kontrollutvalet

For perioden 2023-2027 har Ålesund kontrollutval slik samansetning:

- Svein Rune Johannessen - leiar
- Åse Marie Myren - nestleiar
- Bente Bruun - medlem
- Geir Stenseth - medlem
- Hans Endre Sæterøy - medlem

Varamedlemmer
(for Johannessen, Myren og Sæterøy)

1. Terri-Ann Senior
2. Asle Grimstad
3. Siv Katrin Alnes

Varamedlemmer
(for Bruun og Stenseth)

1. Randi Asbjørnsen
2. Kåre Alfred Hanken
3. Terje Tvedt
4. Wenche Gausnes Aasen

Ålesund kontrollutval har i 2024 (2023) hatt 8 (6) møter, og behandla 44 (41) saker. Eit av desse møta var eit arbeidsmøte i samband med utarbeidning av grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

Innkalling med saksdokument vart i 2024 sendt utvalet seinast ei veke før møtet, og lagt ut på kontrollutvalet si heimeside kontrollutval.no/alesund.

Det ligg lenke frå den politiske møtekalendaren på Ålesund kommune si heimeside til Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS si heimeside, slik at folk flest kan finne kontrollutvalet sine saklister og protokollar der dei elles finn dokumenta til andre folkevalde organ.

Møteprotokollen vert oversendt til kommunestyret som fortløpende rapportering. Leiari i kontrollutvalet ber om ordet når det har vore noko i møteprotokollen som kontrollutvalet ville gjere kommunestyret særskilt merksam på.

Dei saker der kontrollutvalet skal gje, eller sjølvve ynskjer å gje ei tilråding til kommunestyret, vert oversendt for seg sjølv saman med kontrollutvalsekretariatet si saksutgreiing, for behandling som eiga sak i kommunestyret.

Om revisjonen

Kommunestyret har valt eigenrevisjon som revisjonsordning med Møre og Romsdal Revisjon SA som sin revisor, for Ålesund kommune og for dei tre kommunale føretaka.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov og forskrift. Revisjonen skal mellom anna gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor utfører også ei rekke andre attestasjoner og kontrollhandlinger i dialog med kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisorar har i tråd med regelverket, lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende knytt til utførte revisjonsoppdrag. Revisjonen er til stades i dei fleste møta i kontrollutvalet og slik legg ein til rette for ein god dialog.

Om sekretariatstenesta

Ålesund kommunestyre nyttar Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som sitt sekretariat for kontrollutvalet, og kommunen er medeigar i dette selskapet.

Etter kommunelova skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av både kommunen sin administrasjon og dei som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariatet er den viktigaste hjelpanen til kontrollutvalet og den som held kontinuiteten gjennom dei ulike valperiodane. For at kontrollutvalet skal kunne fylle kontrollfunksjonen sin på ein best mogeleg måte, er utvalet avhengig av at både sekretariat og revisjon kan vere ein fagleg ressurs og ein fagleg diskusjonspartner. Sekretariatsrådgivarane skal sikre at saker som vert handsama av kontrollutvalet, er forsvarleg førebudde og utgreidde, og at vedtak vert fulgt opp. På same måten som kommunedirektøren skal sikre forsvarleg saksførebuing og vedtaksoppfølging for kommunestyret og andre folkevalde organ.

Sekretariatet skal ivareta dokumenthandtering for kontrollutvalet som eit offentleg organ, og ha eit arkiv som tilfredsstiller krav i arkivlova med forskrifter. Sekretariatsrådgivaren førebur og effektuerer bestillingar av dei ulike revisjonsoppdraga til revisor og skal ivareta kommunikasjonen med revisor mellom møta.

Revisjon knytt til økonomiforvaltninga

På vegne av kommunestyret skal kontrollutvalet gjennom dialog med revisor følgje med på om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak.


Utalet får fortløpende informasjon frå revisor.

Informasjonen vert mellom anna gitt gjennom oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding.

Når det gjeld revisjon av årsrekneskapen 2023 for kommunekassa/konsolidert, så kom det først ei negativ revisjonsmelding fordi fristane ikkje vart haldne. Denne negative revisjonsmeldinga vart erstatta med ei melding utan merknad, når rekneskapen vart ferdig revidert etter fristen.

Kontrollutvalet uttalte seg om kommunen og dei kommunale føretaka sine rekneskap for 2023. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding frå revisor.

Kontrollutvalet uttalte at kommunestyret burde kunne godkjenne rekneskap og årsmelding for det enkelte føretak, for kommunekassa og for kommunerekneskapen sett under eitt (konsolidert).



Nummerert kommunikasjon frå revisor til kontrollutvalet

Eit nummerert brev eller eit revisorbrev, er ein kommunikasjon frå revisor til kontrollutval.

Kommunedirektør/dagleg leiar i kommunalt føretak (KF) er kopimottakar for å halde seg orientert.

Eit nummerert brev vert nytta når revisor skal gje skriftelege meldingar til kontrollutvalet om forhold som er nemnt i kommunelova § 24-7. Det er som regel tale om forhold som er av ein slik art at revisor må melde frå om det i ei meir formalisert form, utanom den årlege revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet skal handsame slike nummererte brev som eiga sak. Utalet skal sjå til at dei forholda revisor har teke opp blir retta eller følgde opp. Om forholdet ikkje vert retta opp må utalet gjere ei vurdering på om ein ynskjer å informere kommunestyret særskilt om det.

Kontrollutvalet har i samband med årsrevisjonen 2023 motteke eitt nummerert brev frå revisor knytt til Ålesund brannvesen KF. Dette brevet omhandla at skattetrekksmidlar ikkje er handsama i samsvar med skatteinbetatingslova.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

To av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å sørge for at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og i selskapa kommunen eig, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollerte gjennom ein eigarskapskontroll.


Kontrollutvalet skal i kvar periode utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll som kommunestyret skal vedta. For å utarbeide gode planar som får fram kva

område som bør kontrollerast, stiller kommunelova krav om at det blir gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering av verksemda til kommunen og selskapa til kommunen.

Kontrollutvalet bad Møre og Romsdal Revisjon SA om å utarbeide ei slik risiko- og vesentlegvurdering. Som ein del av denne prosessen inviterte kontrollutvalet til eit utvida arbeidsmøte, der det kom fram mange nyttige bidrag. Kontrollutvalet er takksam for at det var stort engasjement og brei deltaking frå politisk leiing, administrativ leiing, kontrollutval og revision.

Revisjonen laga så ein rapport der ei risiko- og vesentleganalyse vart presentert, og med bakgrunn i denne utarbeidde kontrollutvalet plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 og plan for eigarskapskontroll 2024-2027. I tråd med kontrollutvalet si tilråding vedtok kommunestyret planane hausten 2024.

Illustrasjonen under viser prosessen frå risiko- og vesentlegvurderingane startar som grunnlag til planarbeidet og fram til ein konkret forvaltningsrevisjon er avslutta.



Andre saker kontrollutvalet har arbeidd med i 2024:

Kommunedirektøren har ikkje møte og talerett i kontrollutvalet, men vert ofte invitert til møta fordi utvalet ynskjer informasjon eller orientering om ulike tema. Utvalet er takknemleg for den velvilje administrasjonen ved kommunedirektøren viser, ved alltid å stille opp når kontrollutvalet spør om det.

Nokre av tema som utvalet har fått orientering frå administrasjonen om i 2024:

- Arbeid med budsjettoppfølging. Møtet 30.01.2024

- Kommunen sitt arbeid med å sikre reint drikkevatn til innbyggjarane. Møtet 05.03.2024
- Varslingsrådet sitt arbeid i 2023. Kontrollutvalet merka seg at det no er laga rutiner for handtering av varsel på øvste leiing. Møtet 05.03.2024
- Hendinga rundt årsskiftet 2023/2024 der kommunen sjølv slapp forureina vatn i drikkevasskjelda. Møtet 03.09.2024
- Helseplattforma og Ålesund kommune, om gode erfaringar, gevinstar på ulike plan og økonomi. Møtet 26.11.2024
- Kommunen sine tiltak i forhold til digital inkludering, for å forebygge digitalt utanforskap. Møtet 26.11.2024

Kontrollutvalet har også fått informasjon frå kommunedirektøren om oppfølging etter ei misleg handling frå 2022. Oppfølging av denne saka er no avslutta frå kontrollutvalet si side.

Andre saker kontrollutvalet har arbeidd med i 2024 er:

- Rutinar for mottak av førespurnader til kontrollutvalet
- Orientering om revisor sine kontrollhandlingar gjer knytt til eingongskostnader ved kommunedelinga
- Utvalet har tilrådd kommunestyret å be kontrollutvalet bestille forvaltningsrevisjon av drikkevassforsyninga i etterkant av hendinga med utslepp i drikkevatnet
- Utvalet har gjeve kommunestyret si tilråding etter rapport frå undersøking av kommunen sin budsjettprosess

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak, som kan pålegge kontrollutvalet å gjera kontrollhandlingar. For alle andre førespurnader er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om dei vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at førespurnaden burde vore retta til andre instansar (som t.d. Sivilombodet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til meldar om det. Når kontrollutvalet mottek ein førespurnad frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling.

Førespurnader som kontrollutvalet har vurdert i 2024 er mellom anna ei bekymring frå ein innbyggjar knytt til hendinga der kommunen sjølv hadde utslepp i drikkevasskjelda. Denne bekymringa førte til at kontrollutvalet såg nærare på tematikken og valte å råde kommunestyret til å iverksette ei kontrollhandling. Kontrollutvalet fekk då i oppdrag å bestille ein forvaltningsrevisjon som no er ferdig utført i april 2025.

Vidare utvikling av kontrollarbeidet

Arbeidet i kontrollutvalet er i stadig utvikling. Det kjem jamleg nye faglege oppdateringar og sentrale føringar som kontrollutvalet må ha kunnskap om. For at kontrollutvalet skal klare å halde følgje med utviklinga, krevst det kontinuerleg læring og forbetring.

På nasjonalt plan er det to organisasjonar som arrangerer faglege samlingar og bidreg til kompetansepåfyll for kontrollutval, og for revisjon og sekretariat. Det er Forum for kontroll og tilsyn

(FKT) og NKRF - kontroll og revisjon (tidlegare Norges kommunerevisorforbund). Kontrollutvalet hadde for 2024 budsjettert med abonnement og medlemskap i desse organisasjonane, samt midlar til å delta på ein årleg fagkonferanse eller tilsvarande. Det er viktig å møte andre som er opptatt av kontrollarbeid i kommunane, få fagleg påfyll og utveksle erfaringar.

Tre av medlemmane deltok i 2024 på NKRF-kontroll og revisjon sin kontrollutvalskonferanse og eit medlem deltok på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin årskonferanse for kontrollutval.

Lokalt så har dei fem kontrollutvalsekretariata i Møre og Romsdal arrangert ein felles opplæringsdag for kontrollutval. Fire av medlemmane i Ålesund kontrollutval hadde høve til å delta på denne samlinga i januar 2024 på Vestnes.

Til slutt

At Ålesund kommunestyre i 2024 har bedt kontrollutvalet utføre to ekstra oppdrag (budsjettundersøkinga og drikkevassforvaltningsrevisjonen), viser at kommunestyret ynskjer å nytte sitt eige kontrollorgan i tråd med slik lovgivar har tenkt det.

Ålesund kontrollutval vil, som kommunestyret sitt eige kontrollorgan, gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbettingsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn i den kommunale verksemda.